



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
14/2887-17/K2 - Q65/EAAR

Dykkar ref.

Dato:  
25.09.2015

## Uttale frå Flora kommune til NTP 2018-2027 og Avinor sin rapport datert 20. mai 2015 - Framtidig lufthamnstruktur

Flora kommune viser til henvendelse frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vedr innspel til Avinor sin rapport datert 20. mai 2015, i samband med lufthamnstrukturen/ Nasjonal transportplan 2018 - 2027.

Samferdsleutvalet i Flora kommune er gjennom kommunen sitt møte og delegeringsreglement gitt mynde til å gje uttale i "flyplass" saker. I møte den 25. September jf. sak 14/2887-16 gjorde samferdsleutvalet slikt vedtak:

" Samferdsleutvalet – sak. 14/ 2887-16

### **SAMF - vedtak:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Flora kommune har følgjande innspel til Avinor sin rapport om framtidig lufthamnstruktur:

*Florø Lufthamn er den største av dei lokale lufthamnene i Norge, målt i årleg tal passasjerar. I tillegg er Florø ein av dei mest effektivt drivne av dei lokale og regionale lufthamnene, med svært lågt behov for bidrag frå Avinor for å finansiere drifta på lufthamna. Sidan 2012 har Staten heller ikkje hatt offentlege rutekjøp i Florø, noko som har gitt ei årleg innsparing på ca 20 millionar i året for Staten. Målt i direkte kostnader er difor Florø lufthamn av dei aller billegaste og mest effektive.*

*Til tross for dette, så er det eit stort behov for ytterlegare tiltak for å sikre lufthamna sin konkurransekraft gjennom lågare kostnader både for Avinor si direkte drift, men og andre aktørar som er avhengige av effektiv drift for å halde kostnadane sine og prisane for passasjerane lågast muleg.*

*Florø lufthamn er i ein spesiell situasjon som krev at ein heile tida er kostnadseffektiv og konkurransedyktig. Frå 1. April 2016 vert alle ruteflygingar til/frå Florø heilkommersielle, noko som krev at ein har fasilitetar og kostnader som bidreg til å tiltrekke seg aktørar og utvikle eit best muleg tilbod for passasjerane. I tillegg er det heilt avgjerande for helikoptertrafikken til/frå sokkelen at oljeselskapa har optimale forhold både på kostnader og tid.*

1. Florø Lufthamn er heilt avgjerande for utviklinga for næringslivet i Flora, nabokommunane og Sogn og Fjordane fylke, og dagens gode rutestruktur er utviklet over år, i tett samarbeid med næringslivet. Flora Lufthamn ruter det petroleumsretta næringslivet både offshore og på land, og føresetnaden for auka petroleumsretta aktivitet i vårt fylke er knytt til vidareutvikling av Florø Lufthamn. Maritim-, marin- og petroleumsnæringar står for 95 prosent av dei reisande på Florø Lufthamn. Flora kommune har vore og vil i framtida være ein god vertskommune med omsyn til å leggje til rette for den fysiske utviklinga av flyplassen. Flora kommune kan bidra gjennom effektiv sakshandsaming og sikre tilgjengeleg areal for ei framtidretta utvikling av lufthamna. I tillegg bidreg Flora kommune gjennom eit eige prosjekt for å utvikle tilbodet ved Florø lufthamn i samarbeid med næringslivet i kommunen.

2. For utviklinga av Florø lufthamn er det heilt avgjerande at Avinor gjer investeringar i fornying av terminalbygget ved lufthamna. Dette vil sikre ein betre intern logistikk og gje både tids- og kostnadsinnsparingar for Avinor, andre lufthamntenester, og ikkje minst for passasjerane. Facilitetene for terminalen til og frå nordsjøen er viktig for å oppretthalde ein forutsigbarhet for helikopterflyningane, som er ein stor og viktig del av flyvningane ved Flora Lufthamn. For å sikre tilbodet og konkurransekrafta på Florø lufthamn ber Flora kommune om at det vert gjort investeringar som vert framskunda og gjennomført så snart som råd.

3. Influensområde: Flora kommune er ikkje samd med avgrensingane i influensområde for Florø lufthamn som er gjort i rapporten. Det er i dag reisande ved lufthamna, frå nabokommunar som ikkje er medrekna i influensområdet. Dette gjelder Vågsøy, Bremanger, Naustdal og Gloppen Kommune. Fv 615 Sandane-Storebru er ikkje tatt med i reisestrekningens berekningar i rapporten i det heile. Med lokal og regional tilrettelegging for effektiv og korresponderande sjøtransport vil influensområdet for Florø lufthamn være store delar av kystkommunane i Sogn og Fjordane frå Selje i nord til Fjaler i sør, samt innover. I tillegg vil følgjande vegsamband vil føre til betre transportstandard og innkorta reisetid til dagens lufthamn i Flora; Fv 615 Sandane-Storebru, 45-minuttsregionen Florø-Måløy og kystvegen Florø-Dale.

4. Det vil være heilt avgjerande for framtidens lufthamnstruktur at Avinor får gjennomført kostnadsreducerande tiltak i nært samarbeid med vertskommunane. Eit mest muleg effektivt lufthamnett vil frigjere ressursar til styrking av rutetilbod og reduksjon av prisar for passasjerane."

Med helsing

Einar Atle Årdalsbakke  
rådgjevar samferdsle

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur

**Vedlegg:**

<b>Tittel</b>	<b>Dato</b>
Uttale til Nasjonal transportplan og Avinor sin rapport datert 20. mai 2015 - Framtidig lufthamnstruktur (L)(426003)	25.09.2015
Innspel til Avinor sin rapport datert 20. mai 2015 - Lufthavnstruktur Sør-Noreg NTP 2017 - 2028 (L)(372171)	25.09.2015

**Kopi til:**  
Sogn og Fjordane  
fylkeskommune

Askedalen 2

6863 LEIKANGER